



Det kongelige miljøverndepartement  
boks 8013 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200304502-3/700/MROD

Dykkar ref.:

Bergen, 6. september 2003

## Høyring - NOU 2003:14 (Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven) - særskilt om klage og motsegn

Vi viser til brev dagsett 7.juli 2003 om høyring av forslag til nokre paragrafendringar i planlova i forkant av høyringa av NOU 2003:14 der heile planlova er vurdert.

Høyringsfristen og tidspunktet for høyringa har ikkje gjort det mogeleg med grundig vurdering av endringsforslaga. Vi meiner i tillegg det er uheldig å trekkje ut nokre paragrafar fordi desse må sjåast i samanheng med eit totalbiletet. Vi har kort fylgjande merknader til dei konkrete endringsforslaga som no er lagt fram:

### § 1-14 om innsigelse og mekling – sjette ledd

”Det kan ikke fremmes ny innsigelse mot forhold som tidligere har vært gjenstand for innsigelse og avgjort etter reglene her”.

Slik vi tolkar det kan ein ikkje ta opp att same spørsmål i ein seinare ny planprosess anten det gjeld fylkesdelplan, kommuneplan eller områdeplan uavhengig av rekkjefylgje. Dette er i utgangspunktet ikkje urimeleg og kan effektivisera planleggjinga. Det bør likevel vurderast om prinsippet kan modifiserast av avstand i tid og grad av gjennomføring, samt rekkjefylgje overordna plan og detaljplan. Går det lang tid mellom vedtaka eller detaljplan blir vedteken i strid med overordna plan kan det vera eit moment som gjer at saka bør kunne sjåast i nytt lys dersom føremålet ikkje er gjennomført.

### § 1-15 Forholdet til forvaltningsloven og klage 2.ledd

”Det kan likevel ikke klages på forhold som er avgjort tidligere gjennom klage eller innsigelse”.

Vi har merka oss at det skal vera romsleg tolking av omgrepet ”like forhold”. På den eine sida er det viktig med effektivitet i plansystemet. På den andre sida står omsynet til folkeleg engasjement basert på frivillig lekmannsinnsats. For fylkeskommunen vil planutvalet sitt forslag truleg vera rimeleg også sett ut i frå ansvaret for ei dynamisk regional utvikling. Tida mellom avgjerd av motsegn og eventuell klage bør også her vektleggjast dersom eit tiltak ikkje er gjennomført.

### §1-8 Planbeskrivelse og planprogram

”For alle typar planar med vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn skal det utviklast eit planprogram (plan for planleggjinga) som blir kunngjort offentleg”. For fylkesplanen og fylkesdelplan gjeld dette kravet uansett, men kan inngå i planstrategi.

I utgangspunktet er eit planprogram ein nyttig reiskap i all planlegging. Planprogram vil også knyta konsekvensutgreingar tettare til planleggjinga. Det kan likevel reisast spørsmål ved om dette skal vera pålagt i lov. Kommunar og fylkeskommunar utnyttar ikkje handlingsrommet i plan- og bygningslova i

dag. Dersom terskelen blir høgare i form av lovpålagte prosesskrav kan dette medverka til enda mindre bruk.

### **§ 1-9 Konsekvensutredninger av planer med vesentlige virkninger**

For fylkesdelplan for arealbruk og kommunale arealplanar som har vesentlege verknader skal det utarbeidast konsekvensanalyse. Når det gjeld utgiftssida er det forslagsstillar som skal bera kostnadane. Uttrykket tiltakshavar er ikkje nytta i lovteksten. Det kan vera private eller offentlege forslagsstillarar til plan. I dag kan departementet fastsetja ei utgiftsdekning eller fordeling mellom kommunen, fylkeskommunen og staten. Dette er no foreslått teke ut av lova då ein reknar med at dette løyser seg slik som naturleg mellom partane.

Slik vi forstår brevet har Norge alt forplikta seg til å innføra reglane om KU til plan gjennom EØS avtalen for å sikra lik handsaming innan EU.

Det er knytt vesentlege kostnadar til konsekvensutgreiingar noko som kan bidra til å gjera styring gjennom plan mindre attraktivt. Det er derfor viktig at regelverket ikkje legg opp til unødig utgreiingsplikt i dei tilfella der det ikkje er naudsynt for beslutningane. Regelverket bør vurderast ut i frå små og mellomstore verksemdar sin situasjon og variasjonen kommunane og fylka i mellom. Det bør vurderast om regelverket har utslakta biefektar for visse regionar eller samfunnsområde. I kva grad kommunesektoren kan ha tilstrekkeleg kompetanse og andre ressursar til å ivareta desse krava er eit spørsmål som bør utgreiast. Forholdet mellom forslagsstillar og tiltakshavar bør drøftast nærare. Det at kommunen tek på seg planarbeid for å sikre plass for ein bestemt tiltakshavar eller for å leggje til rette for bestemte tiltakshavarar er ikkje uvanleg. Utforminga av regelverket bør ta omsyn til dette.

Vi vil også åtvare generelt mot fleire lovpålagte oppgåver, auka byråkratisering av planlegginga og mot sentralisering av beslutningar om prosesskrav på nye område. Vi vil derfor alt no be om at nærleiksprinsippa blir lagt til grunn for konsekvensutgreiingar totalt sett. Vi meiner det i samband med revisjon av planlova bør vurderast om forvaltningsoppgåver i større grad kan desentraliserast og at det bør opprettast regionale organ som ivaretek oppgåver som i dag forvaltast sentralt og i stor grad sektorisert.

### **§ Kap 17 Konsekvensutredninger for sektorplaner samt tiltak etter andre lover**

For desse tiltaka gjeld tilsvarande problemstilling som under §1-9 og det blir vist til vurderingane under denne.

### **Oppsummering**

Som det går fram av det som er sagt over er det slik at ulike delar av planlova grip inn i kvarande. Dette gjer at vi generelt må ta atterhald om nye moment som kjem fram når vi seinare skal ta stilling til planlova som heilskap. Vi ser at forslaga som er fremja både kan føra til forenklingar og auka byråkratisering. Intensjonane om medverknad og større opplysningsplikt bør vegast opp mot eit enklare lovverk med større lokal valfridom.



Paul M. Nilsen

Sakshandsamar: Marit Rødseth